



Prest og organist i naturen på øya

**Tilgjeving var dagens tema då vikarprest i Hordaland Kåre Stølsnes heldt den tradisjonelle friluftsgudstenesta på Skorpo i dag. Spørsmålet Kan du tilgi meg er eitt av dei finaste presten visste om. Og tilgjeving gjer ein trygg både på det åndelege og menneskjelege plan heldt presten fram**

Det var førstegongsbesøket til presten på øya som gjorde sterkt inntrykk men i forsamlingen var også hans kollega Halvor Medhus som var prest då første messe vart halden ved Søre Skorpevågen 8 år sidan. Då døypte han til og med Nils Reiner Vågen.

Det er også ein lang messetradisjon ein annan plass på øya, men det er ein annan sak.

Denne gongen vart messa halden ute fordi veret var så fint. Organist Marit Lindekleiv spela og etterpå vra det kykjekaffe der ein også fekk smake lokale produkt, til dømes prim.

Det deltok rundt rekna 35 i gudstenesten og då mellom anna også eit tysk par som også var med i fjor. 5 av dei fastbuande var med.

Tekst og foto; Ola Matti Mathisen



35 møtte fram i det grønne